

Prop. 93 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal fylkeskommune

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 8. april 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om revisert bompengesoppligg og finansieringsplan for fv. 659 på strekninga Skjeltene – Harøya (Nordøyvegen) i Ålesund kommune (tidlegare Haram og Sandøy kommunar) i Møre og Romsdal.

Stortinget har tidlegare gitt tilslutning til bompengefinansiering av prosjektet gjennom handaminga av Prop. 140 S (2016–2017) *Finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal* og Innst. 468 S (2016–2017).

Etter ein stor kostnadsauke vedtok fylkestinget i Møre og Romsdal fylkeskommune i 2018 nytt finansieringsoppligg for prosjektet. Dei auka kostnadene er føreslått finansierte med fylkeskommunale midlar og auka bompengebidrag.

Hovudarbeida starta tidleg i 2019, den sørlege delen av prosjektet blei opna for trafikk i desember 2021 og siste del av prosjektet er venta opna for trafikk sommaren 2022.

2 Omtale av prosjektet og kostnadsoverskridingane

Nordøyvegen består av tre undersjøiske tunnelar, ein landtunnel og tre bruer og vil gje fast vegsamband til Lepsøya, Haramsøya, Flemsøya,


Fjørtofta og Harøya/Finnøya. Desse øyane blir omtalte som Nordøyane. Prosjektet er nærare omtalt i Prop. 140 S (2016–2017) *Finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal*.

Styrings- og kostnadsramma var opphavleg fastsett til 3 442 mill. 2017-kr og 3 786 mill. 2017-kr. I 2022-prisnivå svarer dette til 4 058 mill. kr og 4 464 mill. kr. Bompengedelen var fastsett til 460 mill. 2017-kr, dvs. 13,4 pst. av styringsramma. I 2022-prisnivå utgjer dette eit bompengebidrag på 542 mill. kr.

Etter at tilbodsutlysinga for hovuddelen av prosjektet var avslutta, blei det klart at faktiske tilbod var vesentleg høgare enn føresett. Beste tilbod på hovudkontrakten var om lag 1 200 mill. 2018-kr høgare enn det som låg til grunn i siste overslag. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok 11. desember 2018 å auke styringsramma til 4 900 mill. 2018-kr. Kostnadsramma blei fastsett til 5 340 mill. 2018-kr.

I november 2020 gjorde fylkesutvalet vedtak om å auke styrings- og kostnadsramma for å forvere opninga av delar av prosjektet. Etter denne justeringa er styringsramma for prosjektet på 5 564 mill. 2022-kr og kostnadsramma på 6 062 mill. 2022-kr.

Etter vedtak i fylkestinget blei hovudkontrakten inngått og prosjektet starta opp. For å sikre finansieringa av prosjektet legg Møre og Romsdal fylkeskommune til grunn ein auke i bompengen-



Figur 2.1 Kart over fv. 659 Nordøyvegen.

bidraget på 134 mill. 2022-kr til prosjektet i forhold til det som var lagt til grunn i Prop. 140 S (2016–2017).

Det er gjennomført ei ny ekstern kvalitetsikring (KS2) av bompengeopplegget for fv. 659 Nordøyvegen. KS2-rapport blei ferdig i februar 2021. Kvalitetssikringa har omfatta finansieringsgrunnlag, trafikkgrunnlag og finansieringsevne. I følgje ekstern kvalitetssikrar er bompengefinansieringa robust då det blir teke utgangspunkt i eit konservativt trafikkanslag og bompengelånet lèt seg finansiere under føresetnadene til prosjektet. Vidare viser analysen at fylkeskommunen ikkje kan finansiere lånedelen sin basert på ferjeavløysingsmidlar og andre tilskot/overføringar åleine, og må finne andre budsjettmessige innsparingar eller inntektskjelder for å kunne betene lånet.

3 Lokalpolitisk handsaming

Kommunane Haram og Sandøy har sluttat seg til Møre og Romsdal fylkeskommune sitt reviderte finansieringsopplegg for utbygginga av fv. 659 Nordøyvegen. Møre og Romsdal fylkeskommune har i tillegg vedteke å auke ramma for garantisvar for bompengelånet.

Møre og Romsdal fylkeskommune handsama kostnadsauken for prosjektet Nordøyvegen i fylkestinget 11. desember 2018. Der blei det fatta følgjande vedtak:

1. *Møre og Romsdal Fylkeskommune vedtek å gjennomføre bygging av Nordøyvegen innanfor ein kostnad på 5,1 mrd. kroner inkl. mva, som kjem fram av følgjande element (alle beløp inkl. mva):*
Ny styringsramme for Statens vegvesen: 4,9 mrd.
Tillagt byggelån
Ekstra avsetning usikkerheit: 220 mill kr
Reinvestering innan 40 år: 90 mill kr
Minimumsutbetring av vegar på Nordøyane: 30 mill kr
2. *Som finansiering legg fylkestinget følgjande til grunn (2018-kr):*
Tilskott fra kommunane Nye Ålesund, Haram og Sandøy: 360 mill kr
(renter og avdrag over 20 år for lån på 360 mill)
Tilskott fra kommunar v/RDA midlar 312 mill kr
Tilskott frå andre (IP Huse): 15 mill kr
Rentekompensasjonsmidlar: 95 mill kr

*MVA-kompensasjon: 1048 mill kr
 Avvikling av Hurtigbåttilbod, 21,6 mill kr pr år i 40 år: 864 mill kr
 Bompengelån jmf prp, 516 mill kr
 Auka bompengelån pga auka takst, tilleggsprp.
 Ferjeavløysingsmidlar 75 mill kr/år i 40 år 3000 mill kr*

3. *Fylkestinget legg til grunn at bompengelinntekter kan aukast gjennom auka takstar i samsvar med ferjetakstane i 2018, pluss justering for autopassregulativet og ei viss forlenging av bompengetida gjennom framlegging av ein tilleggsproposisjon våren 2019, slik Samferdselsdepartementet har gjort greie for og stadfest. Ved oppstart av prosjektet vert allereie godkjent bompengeproposisjon lagt til grunn (516 mill. kr). Restbeløpet vert lagt til når behandling av tilleggsproposisjon er gjennomført.*

Fylkestinget legg til grunn at kommunane godkjenner dette opplegget.

4. *Fylkestinget legg til grunn at prosjektet Nordøyvegen vert nedbetalt over 40 år, og at minimumsavdrag på den samla låneporteføljen til fylkeskommunen vert nytta for å redusere den økonomiske belastninga i enkeltår.*
5. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte forhandlingar med Skanska med sikte på å inngå kontrakt og gjennomføre byggeprosjektet i samsvar med fylkestinget sitt vedtak, men med dei kostnadskutt som er mogeleg innanfor kontrakta.*
6. *Fylkestinget godkjenner/vedtek låneopptak på inntil 2 900 mill. kroner.*

I vedtaket punkt 1 er det referert til «Tillagt byggelån». Dette gjeld renter i byggjetida, som inngår som ein del av den totale kostnadsramma. Desse var rekna til 190 mill. kr på vedtakstidspunktet.

Fylkestinget i Møre og Romsdal fatta følgjande vedtak 9. desember 2019:

1. *Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at følgjande vert lagt til grunn for bompengefinansieringa:*
 - a. *Gjennomsnittleg inntekt per passering vert sett til 160 2018-kroner.*
 - b. *Bompengeperiode vert på inntil 25 år.*
 - c. *Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 prosent. Det vil ikkje vere rabatt for køyretøy i takstgruppe 2.*

- d. *Det vert lagt til grunn at nullutslepps-køyretøy i takstgruppe 1 får 50 prosent rabatt.*
- e. *Om dei nasjonale føringane for nullutsleppskøyretøy vert endra skal endringane også verte gyldige for Nordøyvegprosjektet.*
- f. *Passeringstaket føreslås til 40 passeringar pr. kalendermånad.*
- g. *Alle rabattordningar føreset gyldig avtale og brikke.*
2. *Møre og Romsdal fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa opp til 720 mill. kroner, med tillegg av 10 prosent av til kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av renter og omkostningar. Den samla lånegarantien er 800 mill. kroner. Garantien vert gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Garantien vert gitt under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet si godkjenning.*
3. *Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden og gjennom innkrevjingsperioden på 25 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, if. garantiforskriftens § 3.*
4. *Resten av dei lokalpolitiske vedtaka i sak T-89/16 som ikkje er omtala ovanfor står elles ved lag.*

Kommunestyret i Haram fatta 29. august 2019 følgjande vedtak:

1. *Haram kommune går inn for at fv. 659 Nordøyvegen vert delvis finansiert med bompengar. Det er lagt til grunn ei kostnadsramme på 5 100 mill. 2018-kroner.*
2. *Haram kommune tilrår at følgjande vert lagt til grunn for finansieringa:*
 - *Gjennomsnittleg inntekt per passering vert sett til 155–160 2018-kroner.*
 - *Bompengeperiode vert på inntil 25 år.*
 - *Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 prosent. Det vil ikkje vere rabatt for køyretøy i takstgruppe 2.*
 - *I tråd ned nasjonale føringar er det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 får 50 prosent rabatt.*
 - *Alle rabattordningar føreset gyldig avtale og brikke.*

3. *Lokalpolitisk vedtak gjort i Haram kommune fra 2016 står elles ved lag.*
4. *Haram kommune føreset at Møre og Romsdal fylkeskommune gjer vedtak om naudsynt auke i garanti for prosjektet.*
5. *Kommunestyret meiner at dei nasjonale føringane om at nullslippskøyretøy i takstgruppe 1 skal få 50 prosent rabatt ikkje bør gjelde slike samband.*

Kommunestyret i Sandøy fatta 18. september 2019 følgjande vedtak:

1. *Sandøy kommune går inn for at fv. 659 Nordøyvegen vert delvis finansiert med bompengar. Det er lagt til grunn ei kostnadsramme på 5 100 mill. 2018-kroner.*
2. *Sandøy kommune tilrår at følgjande vert lagt til grunn for finansieringa:*
 - Gjennomsnittleg inntekt per passering vert sett til 155–160 2018-kroner.*
 - Bompengeperiode vert på inntil 25 år.*
 - Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 prosent.*
 - Det vil ikkje vere rabatt for køyretøy i takstgruppe 2.*
 - Sandøy kommune ser det som svært urimeleg at nullutsleppskøyretøy i takstgruppa får 50 % rabatt. Det bør vere lik takst.*
 - Alle rabattordninga føreset gyldig avtale og brikke.*
3. *Lokalpolitisk vedtak gjort i Sandøy kommune fra 2016 står elles ved lag.*
4. *Sandøy kommune føreset at Møre og Romsdal fylkeskommune gjer vedtak om naudsynt auke i garanti for prosjektet.*

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fatta den 4. november 2020 følgjande vedtak:

1. *Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunedirektøren aksepterer tilbod 2 frå Skanska, med føresetnad om delopning av Nordøyvegen på strekninga Skjeltene – Lepsøya – Austnes i desember 2021.*
2. *Kostnadsramma for prosjektet blir auka tilsvارande netto endra prosjektkostnad, dvs. tilbodspris 24,8 mill. kroner ekskl. mva med frådrag for reduserte byggherrekostnader på om lag 6,0 mill. kroner. Total kostnadsramme aukar til 5 669 mill. 2021-kroner (inkl. mva). Auken i kostnadsramma vert fullfinansiert gjennom sparte ferjekostnader i*

ferjekontrakt «Midlertidig ferjerute til Nordøyane 2022».

3. *Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 11-8.*

Fylkestinget i Møre og Romsdal fatta den 19. oktober 2021 følgjande vedtak:

1. *Fylkestinget står fast på vedtaket i sak T-58/18 og T-81/19 om at det vert fremma ein tilleggsproposisjon for Stortinget om finansiering av Nordøyvegen.*
2. *Fylkestinget vedtar justering av punkt 2 i T-81/19 som omhandlar garanti for fv. 659 nordøyvegen:*

«Møre og Romsdal fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneoppptak for bompengeselskapet, avgrensa opp til 720 mill. kroner, med tillegg av 10 prosent av til kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av renter og omkostningar. Den samla lånegarantien er 800 mill. kroner. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet si godkjenning, garanterer Møre og Romsdals fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for bompengeselskapet sin gjeld, med rett til 1. prioritets pant i bompengeselskapet sin rett til å innkrevje bompengar.»

3. *Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren søke staten om tilskott til dekning av auka gjennomsnittleg bompengeretakst, tilsvarende den til ei kvar tid gjeldande statlege dekninga av reduserte ferjetakstar i ferjesambanda som blir avløyst av ny veg til Nordøyane.*

Når Stortinget vedtek reduserte ferjetakstar og kompenserer fylkeskommunane for tapte inntekter, er det urimeleg ovanfor trafikantane at dette ikkje skal komme til frådrag frå bompengesatsane på ferjeavløysingsprosjekt, slik at prinsippet om at bompengar skal vere ferjetakst + 40 prosent blir opprett-halde.

4. *Samferdselsutvalet krev at fylkeskommunedirektøren legg fram for samferdselsutvalet, fylkesutvalet og fylkestinget fullverdig kontantstrømsanalyse for Nordøyvegprosjektet.*

Dette skal leggjast fram med grunnlaget jjf. det som vart lagt fram i behandlinga av saka i desember 2018, justert opp med gjeldande fakta ang. både ekstra inntekter og lågare utgifter som kjent pr i dag, opp mot eit realistisk O alternativ som også er kalibrert etter dagens grunnlag og krav.

4 Finansieringsopplegg

Finansieringsopplegget for fv. 659 Nordøyvegen omfattar fylkeskommunale midlar og eit bompengebidrag. Dette inneber at Møre og Romsdal fylkeskommune er ansvarleg for nødvendige låneopptak for å finansiere framtidige kommunale tilskot knytt til prosjektet, jf. kap. 3. Kostnadsauken i prosjektet er føresett finansiert med ein auke i fylkeskommunale midlar og bompengebidraget.

Med utgangspunkt i revidert styringsramme er det lagt til grunn ein revidert finansieringsplan som vist i tabell 4.1.

Eventuell ny kostnadsauke i prosjektet opp til kostnadsramma skal i samsvar med gjeldande retningsliner for bompengeprosjekt dekkjast med fylkeskommunale midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. I tråd med tabell 4.1 utgjer fylkeskommunale midlar om lag 87,9 pst. og bompengebidraget om lag 12,1 pst. av finansieringa. Eventuell auke ut over kostnadsramma er fylkeskommunen sitt ansvar og kan ikkje dekkjast med bompengar. Eventuelle kostnadsreduksjonar på inntil 10 pst. skal delast mellom fylkeskommunale midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma.

Fylkeskommunale midlar

Samla finansielt bidrag frå fylkeskommunen er rekna til 4 888 mill. kr. I dette inngår mellom anna mva-kompensasjon og bidrag frå kommunar og næringsliv i form av tilskot.

Ferjeavløysingsmidlar inngår òg i fylkeskommunen sitt finansieringsopplegg. Fylkeskommunen er derfor ansvarleg for nødvendige låneopptak for å finansiere prosjektet, uavhengig av storleiken på framtidige tilskot, kompensasjonar og ferjeavløysingsmidlar.

Tabell 4.1 Revidert finansieringsplan for fv. 659 Nordøyvegen:

	Mill. 2022-kr
Fylkeskommunale midlar	4 888
Bompengebidrag	676
Sum styringsramme	5 564

Bompengebidrag

I Prop. 140 S (2016–2017) *Finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal* og Innst. 468 S (2016–2017) blei det lagt til grunn eit bompengebidrag på 460 mill. 2017-kr, som innebar at bompengar skulle stå for om lag 13,4 pst. av finansieringa. Det utgjer om lag 542 mill. 2022-kr. Bompengebidraget er foreslått auka med 134 mill. kr til 676 mill. 2022-kr.

5 Bompengeopplegg

I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka blir ordninga med etterskotsinnkrevjing i ein bomstasjon ved Skjeltene på fastlandet i Haram kommune vidareført, jf. Prop. 140 S (2016–2017) og Innst. 468 S (2016–2017). Det skal krevjast inn bompengar i begge køyreretningar.

Auka bompengebidrag på 134 mill. kr i forhold til det som vart lagt til grunn i Prop. 140 S (2016–2017) og Innst. 468 S (2016–2017), er foreslått løyst gjennom forlenga innkrevjingstid, auka takstar og betaling frå nullutsleppskøyretøy. Lokale styremakter legg til grunn at innkrevjingsperioden kan aukast frå 20 til 25 år. Dette inneber at innkrevjinga blir utvida til og med 2047. For å sikre at bompengeselskapet sine auka plikter blir dekte, blir det òg lagt opp til at gjennomsnittstaksten blir auka frå 109 2017-kr til 179 2022-kr.

Basert på utrekna trafikkgrunnlag og samansetjing av trafikken er det førebels lagt til grunn følgjande grunntakstar i 2022-prisnivå:

- Takstgruppe 1: 219 kr
- Takstgruppe 2: 657 kr

I forhold til det som blei lagt til grunn i Prop. 140 S (2016–2017) og Innst. 468 S (2016–2017), er grunntaksten for takstgruppe 2 (køyretøy med totalvekt over 3 500 kg ekskl. køyretøy klassifisert som M1 i Autosys med gyldig brukaravtale og brikke) auka frå dobbel til tredobbel takst i forhold til takstgruppe 1 (køyretøy med totalvekt til og med 3 500 kg og køyretøy klassifisert som M1 i Autosys, uavhengig av vekt, med gyldig brukaravtale og brikke). Det er lagt vekt på at køyretøy i takstgruppe 2 har spesielt stor nytte av vegprosjektet. Næringslivet på øyane har arbeidd i mange år for at fastlandsambandet skulle realiserast, då den gir store netto gevinstar i form av døgnopen veg og spart reisetid.

I tråd med Prop. 1 S Tillegg 2 (2016–2017) er det lagt til grunn 20 pst. rabatt for køyretøy i takst-

gruppe 1 med gyldig brukaravtale og brikke. Køyretøy i takstgruppe 2 får ikkje rabatt.

Det blir lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 får 50 pst. rabatt i forhold til taksten for ordinære køyretøy etter rabatt, medan nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 får 100 pst. rabatt i tråd med opplegget i Prop. 87 S (2017–2018) *Nokre saker om luftfart, veg, særskilde transporttiltak, kyst og post og telekommunikasjonar*, jf. Innst. 380 S (2017–2018). Rabatten føreset gyldig brukaravtale og brikke.

I tråd med lokalpolitiske vedtak er det lagt til grunn eit passeringstak på 40 passeringar per månad for køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig brukaravtale og brikke.

Det er føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga.

Lokale styresmakter ynskjer å auke innkrevjingsperioden frå 20 til 25 år. Dette inneber at innkrevjinga blir utvida til 2047. Hovudregelen om 15 eller 20 års innkrevjingsperiode i bompengeprosjekt ligg fast, men Samferdselsdepartementet foreslår å gjere unntak grunna den vesentlege kostnadsauken for prosjektet. Auka innkrevjingstid frå 20 til 25 år med dei nye takstane gir isolert sett ein auke i bompengebidraget på 95 mill. kr. Samla brutto bompengar aukar tilsvarande med 274 mill. kr. Grunna innkrevjingsperioden på 25 år skal eventuelle auka inntekter grunna til dømes høgare trafikk eller lågare rente, gå til reduksjon av innkrevjingsperioden ned til 20 år før det går til reduksjon av takstar.

Andre føresetnader for bompengeopplegg

I tråd med rutinar for handtering av uvisse i bompengeproposisjonar, jf. Prop. 1 S (2016–2017), vil fastsett gjennomsnittstakst bli brukt som grunnlag for justering av takstane. Før innkrevjinga startar vil gjennomsnittstaksten bli vurdert på ny ut frå kjende faktorar som låneopptak, faktisk lånerente og trafikk. Vidare blir det gjort nye vurderingar av naudsynt gjennomsnittstakst etter eitt til to år, når trafikken og samansetjinga av denne er nærmare kjend. I begge tilfelle kan grunntakstane bli endra samanlikna med det som er lagt til grunn i denne bompengeproposisjonen. Før bompengeselskapet søker om justering av gjennomsnittstaksten, skal forslaget fremmest for garantist for tilslutnad. Elles skal gjennomsnittstakst justerast i samsvar med prisutviklinga.

Følgjande basisføresetnader er elles lagt til grunn for finansieringsanalysen:

- Innkrevjingsperiode: 25 år.
- Trafikkgrunnlag: 693 bilar/døgn i opningsåret.

- Årleg trafikkvekst: 0,9 pst.
- Årleg prisstigning: 2,0 pst.
- Lånerente: 5,5 pst. dei første ti åra, deretter 6,5 pst.
- Årlege innkrevjingskostnadar: 2,7 mill. kr.

Samanlikna med føresetnadane i Prop. 140 S (2016–2017) *Finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal* er rekna ÅDT i opningsåret redusert med om lag 200 køyretøy som følgje av auka takstnivå.

Med desse føresetnadane og ein gjennomsnittstakst på 179 kr i 2022-priser er brutto bompengeinntekter rekna til om lag 1 252 mill. kr. Av dette dekkjer 676 mill. kr byggjekostnader, om lag 509 mill. kr dekkjer finansieringskostnadene og om lag 67 mill. kr dekkjer innkrevjings- og driftskostnader knytt til bompengeselskapet.

6 Fylkeskommunal garanti

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok i fylkestinget 19. oktober 2021 å stille garanti ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak på 720 mill. kr, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av renter og omkostningar. Den samla lånegarantien er 800 mill. kr.

Den fylkeskommunale garantien må godkjennast av Kommunal- og distriktsdepartementet. Garantisten sitt utlegg kan dekkjast gjennom å auke gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. ut over prisstigninga og ei forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år.

7 Samferdselsdepartementets vurdering

Utbyggjar for prosjektet er fylkeskommunen. I det lokalpolitiske vedtaket frå 2018 blir det vist til Statens vegvesen, men fylkeskommunen har ansvaret for heile byggjeprosjektet.

Samferdselsdepartementet har merka seg den store kostnadsauken i prosjektet og at Møre og Romsdal fylkeskommune likevel har starta opp prosjektet før Stortinget har handsama nytt bompengeopplegg.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at lokale styresmakter har vurdert det som nødvendig å utvide finansieringsramma gjennom auka takstar og å forlenge innkrevjingsperioden for bompengar for fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal, for å kunne finansiere prosjektet.

Hovudregelen om 15 eller 20 års innkrevjingsperiode i bompengeprosjekt står fast, men departementet foreslår at det blir gjort unntak for ein innkrevjingsperiode på 25 år, grunna den vesentlege kostnadsauken i prosjektet. Samferdselsdepartementet legg til grunn at dersom økonomien for bompengeselskapet blir betre enn føresett, skal dette i første omgang nyttast til å redusere innkrevjingsperioden, ikkje til reduserte takstar, slik at dei samla finansieringskostnadene blir så låge som mogleg.

Samferdselsdepartementet har merka seg at analysen i følgje ekstern kvalitetssikrar viser at fylkeskommunen ikkje kan finansiere lånedelen sin basert på ferjeavløysingsmidlar og andre tilskot/overføringer åleine, og må finne andre kjelder for å betene lånet. Samferdselsdepartementet vurderer at det er fylkeskommunen sitt ansvar å finne nødvendige midlar for å kunne betene lånet.

Samferdselsdepartementet har merka seg vedtak i fylkestinget 19. oktober 2021, punkt 3, der Møre og Romsdal fylkeskommune har knytt bompengetakstane til ferjetakstane. Sjølv om ein i plan-samanheng i eit ferjeavløysingsprosjekt har lagt til grunn ferjetakstane som metodikk for å kunne rekna ut trafikk og grunnlaget for bompenge-

takstar, er det ingen bunden samanheng mellom fastsett gjennomsnittstakst for eit bompengeprosjekt og framtidige ferjetakstar. Den gjennomsnittstaksten som Stortinget sluttar seg til er bompengeselskapet si ramme for å finansiere sitt bompengebidrag ovanfor oppdragsgivar, som i dette tilfellet vil vere Møre og Romsdal fylkeskommune.

8 Avtale

Etter at Stortinget har fatta vedtak om finansiering av fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal, vil det bli inngått avtale mellom Statens vegvesen og bompengeselskapet Vegamot AS, i tråd med vilkåra som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

tilrå :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal fylkeskommune i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om finansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen i Møre og Romsdal fylkeskommune

1. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet Vegamot AS får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen. Vilkåra går fram av denne proposisjonen.
 2. Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet kan inngå avtale med bompengeselskapet Vegamot AS om delfinansiering av prosjektet fv. 659 Nordøyvegen. Avtalen gir bompengeselskapet rett til å krevje inn bompengar innanfor dei vilkåra som er fastsette i denne proposisjonen.
-